



Norstrand Eiendomsrådgivning As  
Storebotn 10  
5309 Kleppestø

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8110 - 22/88040

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
17.11.2022

## Løyve til seksjonering - gbnr 123/150 Risa

**Administrativt vedtak: Saknr: 1301/22**

### **VEDTAK:**

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gnr 123. bnr 150, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar der begge seksjonar har sameigebrøken- 1/2.

Dei to seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med carport som skilje mellom seksjonane. Det er tilleggsareal B i form av carportar for begge seksjonar.

Allt uteareal på eigedommen er fellesareal for begge seksjonane.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 123/150 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

### **Saka gjeld**

Kommunen har 07.1.22 motteke søknad, datert 21.10.22, om seksjonering av eigedommen gbnr 123/150 med adressene Storhaugen 45A og 45B.

På eigedommen er det gitt løyve til oppføring av Kjede/ atriumhus (vertikaldelt tomannsbustad) sak 20/3641.

### **Vurdering**

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar ( 2 eks er nok) og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrensar, men ikkje plassering av seksjonane. Kommunen har utarbeidd nytt situasjonsskart der Snr er tydeleg påteikna.
- Plan-teikningar ( 3 vedlegg) av bustadbygget over 1. plan og 2. plan samt frittliggande carport til snr 2. (TB2)
- Vedtekter ( forslag til) for sameiet Storhaugen 45A/B-gnr. 123. bnr 150, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er sendt inn av Nordstrand Eiendomsrådgivning AS v/Jørn- Andre Norstrand og signert for eigar Norgeshus VNG Eiendomsutvikling AS av styrets leder Yngve Jacobsen, som har signaturrett.

I fylggebrev står opplyst at plassering av stoppekran og sikringsskap ikkje er endeleg avgjort, men at det vert bekrefta at det skal plasserast i fellesareal eller i eigen seksjon. Då det ikkje er fellesareal bygg her, må slikt plasserast i kvar enkelt seksjon.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

### **Gebyr**

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar, etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar.

### **Regelverk**

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om seksjonering GBNR 123-150- godkjent

Situasjonskart seksjonering 123-150\_500

Seksjoneringsteikningar GBNR 123-150

**Mottakarar:**

Norstrand Eiendomsrådgivning As

Storebotn 10

5309

Kleppestø